



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Thon Hotell Jølster
Møtedato	06.02.2019
Kl.	10:00 – 13:00

Faste medlemmer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Aleksander Øren Heen, Sp
Erlend Haugen Herstad, Sp
Torbjørn Vereide, Ap
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Hilmar Høl, Ap
Jakob Andre Sandal, SV
Anne Lilleaasen, H
Marita Aarvik, Frp

Varamedlemer til stades:

Marie Helene Hollevik Brandsdal, Ap
Eldrid Skudal, SV
Arve Mjømen, H
Rita Navarsete, Frp

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutvalet valde møteleiar og Torbjørn Vereide til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Orienteringar:

Arbeidet med regional plan for vassforvaltning - orientering ved seniorrådgjevar Merete Farstad.

Førdefestivalen 30 år – orientering ved direktør Per Idar Almås og styreleiar Arne Osland.

SAK 1/19 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur 06.02.2019

Følgjande skriv og meldingar vart lagde fram til orientering:

1. Svar - søknad om tilskot til etablering av beredskapssenter for naudetatar
2. Oppsummering frå Vintermøtet 2018 og vegen vidare - NORA (Nordisk Atlantsamarbeide)
3. Innspel til jordbruksforhandlingane 2019
 - a. Innspel frå Sogn og Fjordane Bondelag
 - b. Innspel frå Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag
 - c. Saksprotokoll fylkesutvalsak 5/19 - Innspel til jordbruksforhandlingane 2019
 - d. Innspel til jordbruksforhandlingane 2019
4. Rapportering på status - forvaltningsrevisjon innan reiseliv
5. Rapport 2018 - Sogn og Fjordane fylkeskommune - Rekruttering og kompetanseheving i landbruket
 - a. Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2018
 - b. Omtale av prosjekt og kurs som har fått tilskot i 2018
6. Møte i arbeidsutvalet til Sogn og Fjordane vassregionutval 8. februar 2019
7. Svar - Søknad om driftstilskot - Den Norske Bokbyen
8. Kulturmiddel 2018 - søknadar etter frist
9. Ny avtale mellom kunstnarorganisasjonane og Musea i Sogn og Fjordane om ivaretaking av kunstsenterfunksjonane ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum
 - a. Avtale om ivaretaking av kunstsenterfunksjonane ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum
 - b. Pressemelding etter underteikning av avtale om kunstsenterfunksjonane
10. Kunstgrasbaner med gummigranulat som forureinar naturen
11. Invitasjon Anleggskonferanse 20. mars 2019
12. Program kulturkonferanse 21. mars

Muntleg orientering frå administrasjonen:

- Bruk av møtekalender ved innkalling til møte i Outlook
- Regionreforma – administrativ organisering av Avdeling for innovasjon og næringsutvikling og Avdeling for kultur, idrett og inkludering.

SAK 2/19 Handlingsplan 2019 - Regional plan for kultur

Frå Fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1 Handlingsplan 2019 til Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.

2 Prosess for medverknad frå partnarskapen til Handlingsplan 2020 vert vedteke slik det ligg føre i saka.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit punkt3:

Arbeid med forprosjekt ferdigstilling av formidlingsbygg på tusenårsstaden Gulatinget vert lagt inn i handlingsplan 2019.

Avrøysting:

Samrøystes vedtak.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Handlingsplan 2019 til Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.
- 2 Prosess for medverknad frå partnarskapen til Handlingsplan 2020 vert vedteke slik det ligg føre i saka.
3. Arbeid med forprosjekt ferdigstilling av formidlingsbygg på tusenårsstaden Gulatinget vert lagt inn i handlingsplan 2019.

SAK 3/19 Kulturmidlar 2019 - Utviklingstiltak

VEDTAK:

- 1 Det vert løyvd kr 150 000 til kunstprosjekt ORD og STED.
- 2 Løyvinga vert dekkja av teneste 4005 til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.
- 3 Vilkår for utbetalinga av tilskotet er at tiltaket vert gjennomført som søkt om. Godkjende planar, rapportar og rekneskap som gjeld tiltaket vert lagt fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga er oppfylt.

SAK 4/19 Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2019

VEDTAK:

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 27.11.18 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2019 til vitande.
2. Fylkeskommunen føreset at staten kompenserer for dei oppgåvene som vert overførte frå Riksantikvaren, og at dette vert synleggjort i Kommuneproposisjonen som kjem i mai 2019. Fylkeskommunen er innstilt på å styrke eiga bemanning på kulturminnefeltet i samsvar med dei signal som kjem i nemnde proposisjon. Jf. vedtak i FU-sak 74/18.

SAK 5/19 Innovasjon Norge - Oppdragsbrev 2019

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur godkjenner oppdragsbrev til Innovasjon Norge Vestland for 2019 slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Hovudutval for næring og kultur godkjenner retningslinjer for arbeidsdeling i finansieringssaker for 2019 slik dei går fram av vedlegg 2.

SAK 6/19 Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap 2019

VEDTAK:

1. Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane for 2019 vert godkjend.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å signere avtalen med Ungt Entreprenørskap.

SAK 7/19 Marine botnkart

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur løyver kr 2 624 000 til prosjektet Marie grunnkart del II, med kartlegging av sjøområda i kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen samt det arealet i Flora kommune som ikkje vart kartlagt i 2015-2018.
2. Midlane vert dekkja med disponible midlar frå Marint Verdiskapingsfond.

SAK 8/19 Aktivitetar og budsjett hydrogensatsing 2019

VEDTAK:

1. Det vert arbeidt vidare med hydrogensatsinga i 2019 i samsvar med føringane i denne saka.
 2. Det vert sett av 1,2 millionar kr til vidareføring av hydrogeninnsatsen i 2019.
 3. Midlane vert dekkja med restmidlar frå hydrogenprosjektet og restmidlar frå tidlegare år som er disponible for hovudutvalet.
 4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte midlane, og gjere vurderingar basert på førelagt prosjektoamtale for dei aktuelle tiltaka.
-

